



Alver kommune
plan og byggesak

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/66 - 21/5279

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
22.01.2021

Førebels uttale frå landbruksavdelinga til søknad om dispensasjon for utviding av bustadtomt på BNR 207/1 og 5

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF føremål i kommunedelplan for Lindås (tidlegare kommuneplan for Lindås). Dette i samband med søknad om arealoverføringa av om lag 1.4da frå gbnr 207/1 til gbnr 207/5. Bustadeigedomen gbnr 207/5 er bygd med einebustad.

Arealet som er søkt arealoverført er i hovudsak registrert som innmarksbeite i gardskartet. Dette inneber at det er naudsynt med handsaming av omdisponering og deling etter jordlova §§9 og 12.

Landbruksavdelinga er i samd i at tomten er liten i høve til andre spreidde bustadtomter i LNF-området, og har forståelse for at det er ynskje om ei utviding for å få plass til garasje.

Samstundes vil ei godkjenning av søknaden slik den ligg føre innebera at ein får ein veldig stor bustadtomt. Nasjonal jordvernstrategi legg føringar på at kommunen må unngå omdisponering av dyrka mark til andre føremål, og med bakgrunn i dette bør ein ta ein ny runde med søkjar for å sjå om ei kan finna ei løysing der det ein reduserer storleiken på tilleggsarealet slik at ein nærmar seg vanleg tomtestorleik i spreidde strøk som kan liggja ein stad mellom 1-1,5 daa. Dette er i tråd med uttale frå statsforvaltar.

Underteikna var på synfaring på staden 22.01.20 saman med Kjartan Medaas frå kartavdelinga og såg på ulike alternativ som kunne imøtekomma søkjar sitt behov for meir tomteareal samstundes som ein reduserte trongen for omdisponering av jordbruksareal. Konklusjonen frå synfaring er at det ligg til rette for at ein kan utvida tomten noko i mot nord og vest, men ikkje mykje mot aust. Søkjar bør få høve til å vurdere om storleiken på arealet kan reduserast noko slik at det vil vera større sjanse for at søknaden vert godkjent.

Me ber om tilbakemelding på om me skal jordlovshandsame søknaden som er komen inn, eller leggja denne i bero til det er avklart om søkjar vil justera kartet.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Alver kommune